

# Møteprotokoll

**Utval:** Nærøyfjorden verneområdestyre  
**Møtestad:** Teams  
**Dato:** 26.04.2021  
**Tidspunkt:** 10:00 – 11:00

## Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Trygve Skjerdal	Leiar	Aurland kommune
Audun Mo	Nestleiar	Lærdal kommune
Marta Sofie Vange	Medlem	Vik kommune
Bjørg Djukastein	Medlem	Voss herad
Gunn Åmdal Mongstad	Medlem	Vestland fylkeskommune

---

## Merknader

Møtet vart gjennomført som digitalt møte på Teams.

## Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Anbjørg Nornes	forvaltar/sekretær

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

---

## Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 26/21	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 27/21	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 28/21	Orienterings- drøftings- og referatsaker <ul style="list-style-type: none"><li>- Delegert handsaming av enkeltsaker framover</li><li>- Tenestekjøp skjøtsel kulturlandskap</li><li>- Tenestekjøp kampanje byggeskikk</li><li>- Oppdatering informasjonsarbeid</li><li>- Gjennomføring av tiltak</li></ul>		
ST 29/21	Delegerte saker		
DS 5/21	Delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Flenjane - motorferdsel - snøskuter - Morten Nesbø		2020/5847
DS 6/21	Nærøyfjorden landskapsvernområde - motorferdsel med helikopter - Frondalen - Håvasete		2021/5890
ST 30/21	Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Vassetstølen - Nedbergo - istandsetting av stølshus - 55/1		2021/2525
ST 31/21	Nærøyfjorden landskapsvernområde - Hjølmogegen - motorferdsel - elsykkel - Arild Dyrdal		2020/10046
ST 32/21	Høyringsinnspel MTA-plan - Bleia-Storebotnen landskapsvernområde - ny 420 kV-ledning Sogndal - Aurland		2019/11009
ST 33/21	Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Hallinggrovi - mellombels flaumsikring		2021/6325

### **ST 26/21 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

#### **Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 26.04.2021**

#### **Vedtak**

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

## **ST 27/21 Val av styremedlem til å skrive under protokollen**

### **Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 26.04.2021**

#### **Vedtak**

Gunn Åmdal Mongstad vart vald til å skrive under protokollen saman med styreleiar Tryge Skjerdal. Protokollen skal godkjennast elektronisk på e-post.

## **ST 28/21 Orienterings- drøftings- og referatsaker**

### **Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 26.04.2021**

#### **Handsaming i møte**

Forvaltar orienterte om saker som er kome inn siste veka som har preg av kurante saker. Dersom det må nærare avklaring om sakene er kurant eller ikkje, skal forvaltar avklare dette med styreleiar.

I Miljødirektoratet sitt oversendingsbrev til KLD med tilråding for nye nasjonalparker i Noreg, er ikkje Nærøyfjorden landskapsvernområde med vidare som eit tilrådd område. I vurderinga står det mellom anna at området har store naturkvalitetar, men det vil for deler av området være utfordrande å avgrense mot inngrep som er uforeinleg med vern som nasjonalpark.

Eit parti av gamle vegen i Undredal som ligg i grensa til landskapsvernområdet, vart øydelagt av flaum i fjor haust. Eit aktuelt tiltak er å bygge ein støttemur mot elva for å hindre vidare erosjon og utgraving av vegen. Styret vil søkja om ekstra tiltaksmidlar til tiltaket gjennom supplerande tildeling i 2021. Vegen er ein gamal ferdsselsveg og er eit viktig kulturminne i området.

#### **Vedtak**

Orienterings- og referatsaker vart tatt til orientering.

## **ST 29/21 Delegerte saker**

### **Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 26.04.2021**

#### **Vedtak**

Delegerte vedtak tatt til orientering.

**DS 5/21 Delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Flenjane - motorferdsel - snøskuter - Morten Nesbø**

**DS 6/21 Nærøyfjorden landskapsvernområde - motorferdsel med helikopter - Frondalen – Håvasete**

**ST 30/21 Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Vassetstølen - Nedbergo - istandsetting av stølshus - 55/1**

**Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 26.04.2021**

## **Handsaming i møte**

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

## **Vedtak**

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Lars Nedberge løyve til å setja i stand stølshuset på Vassetstølen tilhøyrande gnr. 55, bnr. 1. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde § 3 punkt 1.3. c).

Løyvet er gjeve med fylgjande vilkår:

- Det skal ikkje gjerast endringa på ytre fasade på tømmerdelen av stølshuset.
- Det kan setjast inn eit nytt vindauga i vegggen ved sida av døra. Vindauga skal ha same storleik og utforming som dei andre vindauga i stølshuset, inntil 75x75 cm. Det skal vera lemmar i ståande kledning framfor det nye vindauga når det ikkje er folk i stølshuset. Lemmane skal gå i eit med vegggen.
- Ytterdør skal ikkje ha vindauga.
- Ytterkledning på skotet skal ha ståande kledning. Brukbar kledning skal nyttast opp att dersom det er mogleg. Ytterkledning skal vera kanta bord utan fals i varierende breidde (t.d. 6", 7" og 8" bord) som vekslar tilfeldig.
- Taket skal ha bølgeblekkplater med same profil som takplatene har i dag. Brukbare takplater skal nyttast opp att dersom det er mogleg. Det skal ikkje gjerast endringar på takhøgde, takvinkel eller takutstikk. Det bør ikkje settast opp vindskier.
- Isolasjon bør vera Hunton-isolasjon som kan ta opp og avgje fukt. Dette er ikkje avhengig av plast/dampsperre inn mot varmt rom.
- Nytt materiale skal ikkje målast, men grånast naturleg.
- Dersom arbeidet ikkje er starta opp innan tre år frå vedtaksdato, må det søkjast om nytt løyve til tiltaket.
- Det skal sendast rapport med bilde når tiltaka er gjennomført.

Tiltakshavar har plikt til å vise varsemnd og til straks å melde frå til Vestland fylkeskommune ved seksjon for kulturarv dersom det under arbeid vert støytt på automatisk freda kulturminne jf. lov om kulturminne § 8, 2. ledd.

Dette løyvet er berre behandla etter verneforskrifta. Søkjar må ta kontakt med Aurland kommune for å søkja om løyve til tiltaket etter anna lovverk.

## **ST 31/21 Nærøyfjorden landskapsvernområde - Hjølmovegen - motorferdsel - elsykkel - Arild Dyrdal**

### **Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 26.04.2021**

#### **Handsaming i møte**

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

#### **Vedtak**

Arild Dyrdal får dispensasjon til å leige ut el-syklar som kan brukast i Nærøyfjorden landskapsvernområdet på strekningen Tråna – Hjølmo bru. Løyvet er ei utviding av prøveperioden som vart gitt løyve til i fjor, og gjeld for 2021 og 2022.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Løyve gjeld med fylgjande vilkår:

- Arild Dyrdal kan leige ut el-syklar i Dyrdal som skal brukast på strekninga Dyrdal - Hjølmo bru. El-syklane skal ikkje brukast andre stadar i verneområdet.
- Løyvet gjeld i barmarkssesongen i 2021 og 2022.
- Dei som leiger syklar må få god informasjon om å ta omsyn til naturmiljø og folk på turen.
- Det skal sendast skriftleg rapport om tiltaket innan 01. november kvart år. Rapporten skal innehalde tal som viser kor mange gongar syklane har blitt leid ut i løpet av sesongen.
- Det må hentast inn løyve frå dei andre grunneigarane i felleseiget før sykkel-utleige kan starte.

## **ST 32/21 Høyringsinnspel MTA-plan - Bleia-Storebotnen landskapsvernområde - ny 420 kV-ledning Sogndal - Aurland**

### **Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 26.04.2021**

#### **Handsaming i møte**

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

#### **Vedtak**

Vurderinga i saka blir sendt som Nærøyfjorden verneområdestyre sin uttale til planprogrammet.

## **ST 33/21 Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Hallinggrovi - mellombels flaumsikring**

### **Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 26.04.2021**

## Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

### Vedtak

Nærøyfjorden verneområdestyre gir Aurland kommune løyve til å bruke gravemaskin for å justere elveløpet i Hallinggrovi i Nærøydalen. Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde, § 3, punkt 1.3 g) og naturmangfaldlova § 48.

Løyve er gjeve med fylgjande vilkår:

- Omfanget av arbeidet med graving og masseflytting skal avgrensast til det som er strengt naudsynt.
- Køyninga skal skje langs trase avmerkt på kart i saka, og slik at den er mest mogleg skånsam for naturmiljøet, og set minst mogleg spor i terrenget.
- Gravinga i elveløpet skal utførast slik at minst mogleg finmasse blir virvla opp og ført med elveløpet ned til Nærøydalselvi.
- Arbeidet skal gjennomførast innan 15. juni 2021.